

Vidar Lehmann
Søreidtræet 22
5251 Søreidgrend
e-post: v-lehma@online.no
mobil 4114 0933

Ostereidet/Bergen 8 september 2022



Alver kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Innspel til komande arealplan

Med dette tillét vi oss å gjera framlegg om at den komande arealplanen gjev heimel for å byggja 1-2 naust på gnr/bnr 234/43 (Heltveitvegen 29) i Eidetræet på Ostereidet.

Som det går fram av fig. 1 har det avmerkte aktuelle området tre naust på eine sida og eit på den andre. Framlegget gjeld såleis ikkje eit eige, nytt område, men fortetting i eksisterande naustareal. Midt i området ligg grunnmuren og restar av treverket til eigedomen sitt eige, tidlegare naust (fig 2 og 3).

Vert dette innspelet akseptert, siktar ein på at ein komande søknad om tiltak vil vera basert på at naustet/nausta skal vera grindbygde med bruk av lokal kompetanse og material. Det vil òg elles bli teke omsyn til naustområdet sin tradisjonelle natur.

Frå naturen si side er det aktuelle området ein «utkile», ved at det i vest og nordvest har brattberg som hindrar normal passasje vidare nordover stranda. Frå gamalt er det difor gangsti vidare nordover stranda gjennom ei grind høgare oppe.

Den grunne fjøra har steinete søylebotn, ligg i nordvend slagskugge og er difor lite eigna til stangfiske frå land eller til bading, stuping og soling. Eit strandområde på Kvammaneset, om lag 300 meter lenger nord langs Strandavegen, er alt no avsett til offentleg friluftområde med badevik.

Den ønskete fortettinga har etter vårt skjøn heller ikkje andre negative følgjer, for folk, dyr, fuglar eller fisk. Gyteområda i indre del av Hindenes-fjorden ligg

lenger ute og på mykje djupare vatn. Straumsjøen for nyklekt yngel går heller ikkje innom dette relativt grunne området.

Ein frå gammalt bygdeveg går fram til 25 meter frå området. Utsprengingar utover naustgrunn er difor monaleg små. Er optimal fortetting ønskjeleg, er det på området plass til to naust. Området kan om ønskjeleg òg gje plass til opptrekk for småbåtar.

Vi syner til tidlegare kontakt med planavdelinga, der tidlegare søknad om dispensasjon to gonger samrøystes vart støtta, men ikkje fekk medhald på fylkeskommunalt hald. Ein viktig grunn for avslaget at det var lite ønskjeleg å gje dispensasjonar frå gjeldande planverk. Vi voner difor at dette innspelet kan koma med i den nye arealplanen, slik at ein ved ein påfølgjande byggesøknad ikkje treng å søka om dispensasjon.

Når det gjeld resten av eigeidomen, syner ein til eit notat (vedlegg 4)

Venleg helsing



Eli Kristine Lehmann



Vidar Lehmann

- Vedlegg: 1. Kart med det aktuelle fortettingsområdet innteikna.
2 og 3. Foto av området med den opphavelige grunnmuren
4. Notat om Husmannsplassen på Helleberget